



Ålesund kommune
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	24/575 - 24/3104	May-Bente Nyland -	11.01.2024

Ålesund kommune - Oppstart av namnesak - Nørve gang- og sykkelbru - Høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune reiser namnesak for namn på gang- og sykkelbru som er på planlagt på ei strekning ved fylkesveg 536. Vi tar opp saka for å få formalisert rett skrivemåte for offentlig bruk.

Brua er ein del av [Bypakke Ålesund](#), og går frå dagens Borgund bru, og over til ny framtidig rundkøyring. Reguleringsplanen ligg i lenke under:

<https://kartserver.esunmore.no/webinnsyn/Content/plandialog/GetGIplanregisterFil.aspx?systemid=88b8f250-4f6d-4510-8273-94c78b746961&k=1507&arkivnavn=WINMAP>



Møre og Romsdal fylkeskommunen sender med dette saka på lokal høyring til kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn. Saka gjeld følgande forslag til namn: Nørve gang- og sykkelbru

Lokal høyring

Fylkeskommunen har vedtaksmynde for skrivemåten på fylkeskommunale anlegg. Før fylkeskommunen gjer vedtak, har kommunen rett til å uttale seg, og lokale organisasjonar har rett til å uttale seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til.

Normeringsprinsipp

Ifølge loven skal skrivemåten fastsettast med utgangspunkt i den nedarva, lokale uttalen av namnet. I tillegg skal ein som hovudregel følge gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten av primærnamnet vil normalt være retningsgivande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, f.eks. for namn på bruer og tunnelar.

Videre saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjere at namnesaka er reist, f.eks. ved notis i lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har også ansvaret for å innhente og samordne dei lokale høyringsuttalane. Dei skal sendast til Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo post@sprakradet.no med kopi til fylkeskommunen. Språkrådet vil så gi endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå kommunen mottar dette brevet.

Med helsing

John Hauger
seksjonsleiar

May-Bente Nyland
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Lenker:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-05-18-11>
www.norgeskart.no/ssr/

Kopi til:

Bjørn Sunde
Hanne Gundersen
Språkrådet

